

Møteinnkalling

Utval:	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset
Dato:	30.11.2016
Tid:	12:30

Program

Kl. 12:30 -	Orienteringar og saksbehandling
-------------	---------------------------------

Orienteringar om:

Ungdommens fylkesutval (UFU) og nytt konsultativ medlem i FTU v/ Martin V. Jonsterhaug
Regional Transportplan. v/ Marte H. Eriksrud
Plan- og byggeprogrammet 2017 v/ Trond Hollekim
Status trafikkulykker i Hordaland 2015/2016
Stortingsmelding for trafikksikring
Status om Trafikksikker kommune
Økonomifordeling i alle FTU
Arbeid med ny handlingsplan for trafikksikring

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fyller ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Nils T. Bjørke
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 30/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 31/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 32/16	Referatsaker		
PS 33/16	Trafikktryggleik i den vidaregåande skulen - Er du sikker?	2014/13889	
PS 34/16	Innbyggjarinitiativ sak - Utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 i Askøy	2015/1799	
PS 35/16	Evaluering av pilotprosjektet Trafikksikker kommune - tre kommunar	2014/13889	
PS 36/16	Ymse		

PS 30/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 31/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 32/16 Referatsaker



Arkivnr: 2015/1799-7

Saksbehandlar: Irene Velure

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	101/16	03.11.2016
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	34/16	30.11.2016
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Innbyggjarinitiativ - Utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy

Samandrag

Hordaland fylkeskommune fekk oversendt saka frå innbyggjarane via Davanger og Breivik nærmiljøgruppe med 579 underskrifter, den 31. juli 2016. Saka gjeld utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220. Fv 562 og Fv 220 ligg på det øvrige fylkesvegnettet. Innbyggjarinitiativet er særleg oppteke av at krysset er trafikkfarleg. Det er 80-sone og høg fart på rett strekning. Siktilhøva kunne vore betre, noko som inneber at trafikken som kjem frå Fv 220 kan komme noko brått på trafikantane.

Frå eit innbyggjarinitiativ er motteke gjev Kommuneloven § 39 a fylkeskommunen 6 månader på å handsame det.

Strekninga er ikkje prioritert i Askøypakken. I forslag til Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen 2017, er heller ikkje utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 prioritert.

Statens vegvesen har med bakgrunn i denne førespurnaden laga eit notat som gjer greie for kva som kan gjennomførast av tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka er ikkje prioritert og kostnadvurdert. Nokon av tiltaka er omfattande. Notatet er vedlagt saksframlegget.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell revidert Askøypakke, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte fordi saka først bør behandlast i fylkestrafikksikringsutvalet.»

Røysting (forslaget om utsetjing)
Det var 14 representantar til stades.

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert utsett til neste møte fordi saka først bør behandlast i fylkestrafikksikringsutvalet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Notat - Innbyggerinitiativ sak: Utbedring av Fv 562 og Fv 220 i Askøy

Fylkesrådmannen, 03.10.2016

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune fekk oversendt saka frå innbyggjarane via Davanger og Breivik nærmiljøgruppe med 579 underskrifter, den 31. juli 2016. Saka gjeld utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220. Fv 562 og Fv 220 ligg på det øvrige fylkesvegnettet. Innbyggjarinitiativet er særleg oppteke av at krysset er trafikkfarleg. Det er 80-sone og høg fart på rett strekning. Siktilhøva kunne vore betre, noko som inneber at trafikken som kjem frå Fv 220 kan komme noko brått på trafikantane.

Innbyggjarinitiativet har følgjande innhald:

Hjelp oss å få saken behandlet hos Fylkeskommunen! Etter flere ulykker og nesten ulykker i omtalt kryss har flere av innbyggerne på Davanger og Breivik ytret et ønske om at nærmiljøgruppen skulle på vegne av bygdene ta dette videre til Fylkeskommunen. Vi trenger 500 underskrifter for å få saken behandlet i Fylkeskommunen og oppfordrer derfor alle til å signere. Krysset bør utbedres med: • Lys • Utvidet siktsone • Avkjøringsfelt • Redusert fartsgrense til 60 km/t før og etter krysset på Fv 562 Signer om du er enig!

Lovheimel

Frå eit innbyggjarinitiativ er motteken gjev Kommuneloven § 39 a fylkeskommunen 6 månader på å handsame den.

Kommuneloven § 39 a. Innbyggerforslag

1. Innbyggerne i kommunen eller fylket kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget dersom minst 2 prosent av innbyggerne står bak forslaget. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget tar selv stilling til om forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

2. Kommunestyret eller fylkestinget skal ta stilling til forslaget senest 6 måneder etter at det er fremmet. Tidsfristen gjelder ikke dersom forslaget henvises til behandling i forbindelse med pågående plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om de avgjørelser som treffes, og de tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.

Meir om vegkrysset

Fv 562 forbi Fv220 Davangerkrysset har i dag 80 sone. ÅDT syd for krysset er på 4200, og nord for krysset 4000. Det er eit standardsprang midt i kryssområdet, der gul midtstripe sluttar ca. 25 m nord for senterkryss. Det er ikkje veglys på strekninga.

Fv 220 er skilta 50-sone og har ein ÅDT på 1600. Dei fyrste 500 m har ikkje veglys.

Om innbyggjarinitiativet sine ønskje

Trafikksikringstiltaka som er ønskjeleg er mellom anna å få montert veglys, utvida siktsone, avkjøringsfelt og redusert fartsgrense.

Ulykkesanalyse

Ulykkesstatistikken på den 2,5 km lange strekningen frå Fv 219 Ramsøy / Hanøytangen, og nordover til Fv 563 Åsebø, viser 11 trafikkulykker med personskade i perioden 2006-2015. Ut frå desse talla ligg ulykkesfrekvensen over den normale ulykkesfrekvensen på tilsvarande strekningar. I denne perioden har det skjedd 4 trafikkulykker i kryssområdet til Fv 220 Davanger. Alvorlegheitsgrad på alle ulykkene er «lettare skadd».

Om Statens vegvesen sitt notat for utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220

Statens vegvesen har laga eit notat på kva som kan gjennomførast av tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka er ikkje prioritert og kostnadsvurdert. Nokre av tiltaka er omfattande.

Det blei gjennomført ein trafikksikringsinspeksjon på Fv 562 Ravnanger – Åsebø i mars 2006, rapporten er datert mai 2007. Når det gjeld tiltak på strekninga og i kryssområdet Fv 220 til Davanger, så er alle rekkverksarbeida gjennomført slik som foreslått.

Askøy kommune har ein planprosess pågåande i samband med eit VA-anlegg som skal leggjast parallelt med Fv 562. Her har Statens vegvesen kravd reguleringsplan som omhandlar kryssområdet til Fv 220, og gang- og sykkelvegtilbod.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen er kjent med dei trafikale utfordringane i krysset mellom Fv 562 og Fv 220, og at Fv 562 og Fv 220 ligg på det øvrige fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen har forståing for at innbyggjarane i området og andre som ferdast langs vegen er uroa over situasjonen, ikkje minst når ulykkesfrekvensen ligg over den normale ulykkesfrekvensen på tilsvarande strekningar. Strekninga er ikkje prioritert i Askøypakken.

Det er klart at ei utbetring av dette krysset vil vere eit krevjande arbeid, både med omsyn til planarbeidet og den økonomiske kostnadsramma.

Fylkesrådmannen rår til at ein held fast på den prioriteringslista ein har for gjennomføring av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Det inneber at det for krysset mellom Fv 562 og Fv 220 berre kan vere rom for å utføre mindre tiltak. Eksempel på slike tiltak er utvida siktsone og vurdering av fartsgrense som vil bidra til redusert risiko for alvorlege trafikkulukker.



Statens vegvesen

Notat

Til: Irene Velure HFK

Fra: Svein D. Viken

Kopi til: Sindre Lillebø, Tor Høyland, Kaisa Banne,
Ingrid Setnes og Sigmund Bødal

Saksbehandler/telefon:

Svein D. Viken / 56342902

Vår dato: 22.09.2016

Vår referanse:

Innbyggerinitiativ sak: Utbedring av Fv 562 og Fv 220 i Askøy


Med bakgrunn i henvendelsen har TS-miljøet i SVV sett litt på saken, og gjort oss opp noen tanker om ulykkesituasjonen på strekningen, og hva som kan gjennomføres av tiltak på kort og lang sikt.

Beskrivelse av strekningene:

Fv562 Hp3 forbi Fv220 Davangerkrysset har i dag 80 km/t. ÅDT syd for krysset er på 4200, og nord for krysset 4000. Det er et standardsprang midt i kryssområdet, hvor gul midtstripe er avsluttet ca. 25 m nord for senter kryss. Dette skyldes at vegen er for smal til å kunne ha to kjørefelt, midtstripe og heltrukken kantlinje, og går derfor over til enfelts veg og stiplede kantlinje. Det er ikke belysning på strekningen. For å komme til busslomma langs nordgående kjørefelt må de gående krysse fylkesvegen i plan. Det samme gjelder skolevegen. Busslomma blir også brukt som passeringsslomme.

Fv220 er skiltet 50 km/t og har en ÅDT på 1600. De første 500 m har ikke vegbelysning.

Til orientering er potensialet for en alvorlig ulykke stor på Fv562 mellom kryssområdet og fjellskjæringen i Revura, og da spesielt med myke trafikanter involvert.



Enkel ulykkesanalyse:

Ulykkesstatistikken på den 2,5 km lange strekningen fra xFv219 Ramsøy/ Hanøytangen, og nordover til xFv563 Åsebø, viser 11 trafikkulykker med personskade i perioden 2006–2015. Ut fra disse tallene er ulykkesfrekvensen «Uf obs=0,31», som ligger over den normale ulykkesfrekvensen på tilsvarende strekninger «Uf norm=0,17».

I denne perioden har det skjedd 4 trafikkulykker i kryssområdet til Fv220 Davanger. Alvorlighetsgraden på alle ulykkene er lettere skadd.

Gjennomførte TS-inspeksjoner:

Det ble gjennomført en TS-inspeksjon på Fv562 Hp3 Ravnanger–Åsebø i mars 2006.

Rapporten er datert mai 2007. Når det gjelder tiltak på strekningen og i kryssområdet forbi Fv220 til Davanger, så er alle rekkverksarbeider gjennomført slik som foreslått.

Forslag til tiltak:

1. Sikre krysningepunktet for de gående

Etablere planfri krysning for de gående og syklende i form av undergang eller gangbru. Skoleelevene benytter i dag den gamle fylkesvegen opp Revura og over til kommunal veg på østsiden av Fv562. Den nye løsningen må oppleves som en klar gevinst for å unngå å bruke gamle løsningen med krysning i plan. Til orientering har Asplan Viak en planprosess gående i forbindelse med et VA-anlegg som skal legges parallelt med Fv562. Her har SVV krevd reguleringsplan som også omhandler kryssområdet til Fv220 Davanger, og gang- og sykkelveg tilbud..

2. Vegetasjon

Sikthindrende vegetasjon i frisktsonene må fjernes i begge retninger, og da spesielt i retning Åsebø, hvor friskten i dag muligens er ned mot 50 m. Ved å fjerne vegetasjonen helt inn mot fjellskjæringen i retning Åsebø vil vi kunne oppnå ca. 100 m sikt. Vegetasjonen i retning Ravnanger bør fjernes i innerkurven helt fram til fjellskjæringen, slik at friskten blir optimal fra kryssområdet, busslomma og krysningepunktet som er registrert brukt av gående ved gamlevegen.

3. Rumlefelt

Etablere rumlefelt på begge sider av kryssområdet slik at kanskje hastigheten reduseres og oppmerksomheten skjerpes.

4. Skiltet hastighet

Vurder hastighetsreduksjon til 60 km/t. Hastigheten på 80 km/t virker fornuftig, men forholdene på stedet er ikke godt nok tilrettelagt for alle trafikantgrupper.

5. Vegbelysning

Fv562 har belysning til like nord for xFv219 Ramsøy. Forslag om å sette opp vegbelysning fra dette punktet og 200 m til 300m forbi xFv220 Davanger. Lengden på denne strekningen blir da min. 640 m. I tillegg bør Fv220 få vegbelysning fra kryssområdet og ca. 500 m innover til eksisterende vegbelysning.

6. Avkjøringsfelt

Kanaliseringsfelt av krysset til Fv220 Davanger

7. Vegutvidelse

Ved å utvide Fv562 minimum 300 m forbi kryssområdet i retning Åsebø, vil vi unngå et markert standardsprang. Vegmerkingen midt i kryssområdet skifter fra 2 til 1 kjørefelt i retning nord.



Arkivnr: 2014/13889-51
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	35/16	30.11.2016

Evaluering av pilotprosjektet Trafikksikker kommune 2014-2016

Samandrag

I *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017* er det sett som mål at alle fylkeskommunane skal ha godkjent tre Trafikksikre kommunar i perioden, medan det i *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er sett eit resultatmål på 10 kommunar i perioden.

Som ein del av arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017* og *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*, vart det vedteke at fylkeskommunen ved Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) og Trygg Trafikk saman skulle samarbeide om Trafikksikker kommune-konseptet. Trafikksikker kommune er ei godkjenning som Trygg Trafikk gjev ein kommune når denne har oppfylt eit bestemt sett med kriteria. Som ein fyrste ledd i å implementere Trafikksikker kommune i Hordaland, vart det etablert eit pilotprosjekt med tre pilotkommunar; Austrheim, Lindås og Vaksdal. I tillegg skulle det arbeidast for implementere ei slik ordning i fylkeskommunen. FTU vedtok oppstart av pilotprosjektet i sak PS 11/2014 i desember 2014. FTU var prosjekteigar, medan prosjektgruppa bestod av distriktsleiar i Trygg Trafikk Hordaland, representant for folkehelsearbeidet i fylkeskommunen (regionalavdelinga) og sekretær i FTU (samferdselsavdelinga). Vaksdal og Austrheim signerte intensjonsavtale i januar 2015, medan Lindås kommune signerte intensjonsavtale i juni 2015.

Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet tek evaluering av pilotprosjektet Trafikksikker kommune til orientering.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet merkar seg at Hordaland si målsetjing om å godkjenne ti kommunar i perioden 2014-2017 ikkje let set gjere, men at Hordaland likevel har nådd det nasjonale målet om tre kommunar i perioden.
3. Fylkestrafikksikringsutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak om av kva ressursar som trengs for å godkjenne fleire kommunar, og å følgje opp allereie Trafikksikre kommunar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.11.2016

Bakgrunn

I *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017* er det sett som mål at alle fylkeskommunane skal ha godkjent tre Trafikksikre kommunar i perioden, medan det i *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er sett eit resultatmål på 10 kommunar i perioden.

Som ein del av arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017* og *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*, vart det vedteke at fylkeskommunen ved Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) og Trygg Trafikk saman skulle samarbeide om Trafikksikker kommune-konseptet. Trafikksikker kommune er ei godkjenning som Trygg Trafikk gjev ein kommune når denne har oppfylt eit bestemt sett med kriteria. Som ein fyrste ledd i å implementere Trafikksikker kommune i Hordaland, vart det etablert eit pilotprosjekt med tre pilotkommunar; Austrheim, Lindås og Vaksdal. I tillegg skulle det arbeidast for implementere ei slik ordning i fylkeskommunen. FTU vedtok oppstart av pilotprosjektet i sak PS 11/2014 i desember 2014. FTU var prosjekteigar, medan prosjektgruppa bestod av distriktsleiar i Trygg Trafikk Hordaland, representant for folkehelsearbeidet i fylkeskommunen (regionalavdelinga) og sekretær i FTU (samferdselsavdelinga). Vaksdal og Austrheim signerte intensjonsavtale i januar 2015, medan Lindås kommune signerte intensjonsavtale i juni 2015.

Om organiseringa av arbeidet i dei ulike kommunane

Dei tre kommunane valde å organisere arbeidet sitt på ulike måtar og med ulike verkemiddel. Austrheim kommune valde to representantar frå teknisk etat til å ha hovudansvar for vidare framdrift. Lindås kommune hadde ein deltidstilsett trafikksikringskoordinator, som hadde særleg prioritet knytt til Trafikksikker kommune-arbeidet. Vaksdal valde si eiga løysing, med ei breitt samansett prosjektgruppe, der kommunalsjef for oppvekst var prosjektleiar. Prosjektgruppa hadde òg ressurspersonar frå kvar sektor. Deltaking i prosjektet skulle forankrast hjå ordførar og i administrativ leining. Alle kommunane var opptekne av politisk forankring, og hadde eigne vedtak om at «Trafikksikker kommune» var noko dei ønskte å implementere som ein del av den kommunale verksemda. Som ein ser av organiseringa var den organisatoriske forankringa relativt ulik frå kommune til kommune. Likevel hadde dei tre kommunane god framdrift i prosjektet, og gjennomført aktivitetar i tråd med programmet trafikksikker kommune for etterkvart å få godkjenninga på plass. Aktivitetar som kommunane deltok på var til dømes barnehagekurs, workshop for alle sektorar, kurs for helsesystrar, rettleiingsmøter, nettverkstreff for lærarar og samling for kontaktpersonane i dei ulike kommunane.

Erfaringar frå pilotprosjektet i kommunane

Som i eitkvart pilotprosjekt har det vore utfordringar og forbetringspotensial, særleg i perioden der distriktsleiarstillinga i Trygg Trafikk var vakant. Kontaktpersonane har i periodar peika på at dei har hatt mykje ansvar på eige hand, og etterspurt enno tettare oppfølging. Det er viktig lærdom å ta med seg vidare.

Dei tre pilotkommunane sine kontaktpersonar har jobba samvitsfullt, jamt og godt med konseptet, og har i ulik grad etterspurt hjelp og støtte frå Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Særleg Vaksdal kommune klarte å engasjere breitt med tiltak også utover krav og kriterium i samband med Trafikksikker kommune-konseptet. Oppvekstsektoren gjorde ein framifrå innsats, og meir enn det som både kan krevjast og ventast. Nøkkelen til det breie engasjementet ligg truleg dels i konteksten ein har med trafikulykker, særleg langs E16, samt ei breitt samansett og tverrfagleg prosjektgruppe der ein har drege i lag og i same retning. Det gjorde òg sitt til at Vaksdal kommune var den første kommunen som vart godkjent som Trafikksikker kommune i januar 2016. Austrheim kommune kom etter i april 2016, medan Lindås kommune vart godkjent i mai 2016. At Austrheim kommune vart godkjent ei lita stund etter Vaksdal kommune heng òg saman med at kommunen jobba med trafikksikringsplanen, som er eitt sentralt element i Trafikksikker kommune-konseptet. Lindås var den siste kommunen som vart godkjent, noko som òg var naturleg med tanke på at dei kom seinare i gang med prosjektet enn dei to andre kommunane.

Ut frå dei erfaringane som ein har med pilotprosjektet tek ein med seg at det overfor nye kommunar vil verte gjennomført orienteringar for kommunestyra, administrative møter med prosjektgruppene, workshop for sektorane på eit tidlegare tidspunkt, i tillegg til å ha eigne samlingar for kontaktpersonane/prosjektleiarane.

I 2016 er det arbeid med å få nye kommunar inn i arbeidet. Her ser ein tydelegare suksessfaktorar og forbetringpunkt, og det har mellom anna vore peika på kva organisering som ser ut til å ha best effekt. Erfaringsmessig ser ein at dess breiare prosjektgruppa er var samansett, og dess betre prosjektet var forankra i leiinga, dess lettare er det for kontaktpersonane å ha god framgang i prosessen. Med ei slik organisatorisk forankring treng heller ikkje kontaktpersonane nytte tid på å forklare andre innanfor ulike sektorar kva «Trafikksikker kommune er og kva som må til for å få kriteria på plass». Felles, sektorvise møter mellom kommunane og Trygg Trafikk bidreg òg til å informere og rettleie dei ulike einingsleiarane, rektorane, barnehagestyrarane med fleire til å få jobben gjort. Det er ein sentral grunn til å syte for at desse møta vert gjennomført relativt raskt etter at intensjonsavtalen er signert og prosjektgruppa har starta sitt arbeid med kartlegging, tiltaksplan og framdriftsplan.

Om «Trafikksikker fylkeskommune»

I pilotprosjektet låg det også til grunn eit ønskje om å implementere ei tilsvarende ordning som Trafikksikker kommune i fylkeskommunen. I pilotprosjektfasen skulle det utarbeidast kriteria og ein plan for implementering. Det er Trygg Trafikk sentralt som eig Trafikksikker kommune, og spørsmålet om «Trafikksikker fylkeskommune» er difor løfta dit. Dersom ein skal etablere prosjektet «Trafikksikker fylkeskommune» må det skje gjennom Trygg Trafikk sentralt, og vere sams for alle fylkeskommunane. Det er eit omfattande arbeid å etablere eit prosjekt som rettar seg mot fylkeskommunen, - då det må utarbeidast eigne kriteria som knyter seg til fylkeskommunen sine ansvarsområder, organisasjon og struktur. Det som ligg i Trafikksikker kommune kan ikkje overførast. Oppfølginga av dette vil også krevje store ressursar både hjå Trygg Trafikk sentralt, lokalt og hjå fylkeskommunen sjølv. Trygg Trafikk sentralt har sitt fokus og kapasitet retta mot arbeidet med Trafikksikker kommune, og dei måla som er sett i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring 2014-2017, og har difor ikkje høve til å gå vidare med å etablere eit konsept for «Trafikksikker fylkeskommune» no.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Trafikksikker kommune er ein ny utviklande måte å drive heilskapleg trafikksikringsarbeid på, gjennom samhandling om same måla på tvers av ulike sektorar i kommunane (og fylkeskommunen). Dette er for mange ein ny måte å tenkje trafikksikringsarbeid på i kommunane, og krev ei tilnærming som er godt forankra.

For å lukkast med Trafikksikker kommune-arbeidet i var det etter fylkesrådmannen si vurdering viktig å starte med å etablere eit pilotprosjekt. Ut frå dette kan ein seie at implementeringa av Trafikksikker kommune-prosjektet har vore vellukka. Kommunane har synt engasjement, vilje til forankring og gjennomføringsevne. Med unntak av perioden der distriktsleiarstillinga i Trygg Trafikk var vakant, har også oppfølginga vore tett og god. Variasjonen i oppfølging har vore eit resultat av etterspurnaden frå dei ulike kommunane sjølve, men alle dei tre kommunane har vorte prioritert i trafikksikringsarbeidet, særleg med tanke på kurs, nettverkssamlingar, treff med vidare. Forbetringpunkta som ein tek med seg vidare til dei nye kommunane handlar særleg om organisatorisk forankring, tverrfagleg samansetning av arbeidsgruppe og at oppvekstsektor og folkehelseperspektivet er kopla tett på arbeidet. Fylkesrådmannen vil og vere tydeleg på at arbeidet frå intensjonsavtale er underskrive til godkjenning føreligg normalt sett krev minst eitt år. Ressursmessig verkar det òg å vere nok med tre kommunar i kvar omgang, sidan arbeidet krev ei viss systematisk oppfølging. Desse førebelse funna er det naturleg å ta omsyn til i planlegging og utforming av ny Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2018-2021).



Arkivnr: 2014/13889-45
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	33/16	30.11.2016

Trafikktryggleik i den vidaregåande skule - Er du sikker?**Samandrag**

Ungdom er ei viktig målgruppe for trafikksikringsarbeidet både nasjonalt og lokalt. Trass i at talet på drepne og hardt skadde i alderen 15-24 år har ei tydeleg fallande kurve (1990-2015), så er ungdom og trafikk eit alltid like viktig fokusområde. Som stor skuleeigar har fylkeskommunen ein særleg sjanse til å setje trafikksikring på dagsorden for denne aldersgruppa. Både lokalt og regionalt vert det gjort ein del trafikksikringsarbeid i regi av fylkeskommunen, Trygg Trafikk, Politiet og Statens vegvesen og andre aktørar der ungdom er målgruppa. Dette arbeidet må støttast oppunder og halde fram, samstundes som også andre type verkemiddel bør takast i bruk for å nå målgruppa. Eit eksempel, i regi av fylkeskommunen, er kampanjefilmsnutten som Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) lagar hausten 2016.

Rundt om i landet vert det arbeidd ulikt i forhold til trafikksikringstiltak retta mot ungdommar. Trygg Trafikk kjenner dette arbeidet gjennom sine distriktsleiarar, og fylkesrådmannen har no vore i dialog med Trygg Trafikk for å høyre kva for tiltak dei kjenner til i andre fylke som er retta inn mot den vidaregåande skulen. Trygg Trafikk viser til prosjektet *#Er du sikker?* som rettar seg direkte mot 1., 2. og 3. klasse i den vidaregåande skulen. Trygg Trafikk har gjennomført prosjektet i nokre utvalde fylkeskommunar i 2015 og 2016. Prosjektet er bygd opp som ein konkurranse, der ulike typar oppdrag knytt til ungdom og trafikktryggleik skal gjennomførast av elevane i ein periode på tre veker om hausten.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan *#Er du sikker?* vere eit tenleg konsept å introdusere på nokre av skulane i Hordaland i 2017. Ettersom tiltaket er utarbeida og vert styrt av Trygg Trafikk er det avgrensa kostnader knytt til prosjektet for den einskilde fylkeskommune. I hovudsak er det snakk om midlar til premiar og materiell som kan gå over «Kampanjeposten» til FTU.

For at Hordaland skal kunne delta i 2017 må skulane vere klar innan mars 2017, medan konkurranse vert gjennomført hausten 2017.

Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) ber om at kampanjeprosjektet *#Er du sikker?* vert gjennomført i Hordaland hausten 2017, under føresetnad av at fylkesrådmannen sørger for deltaking frå 2-3 skular i 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Prosjekt *#Er du sikker?* Informasjon

Fylkesrådmannen, 07.11.2016

Bakgrunn

Ungdom er ei viktig målgruppe for trafikksikringsarbeidet både nasjonalt og lokalt. Trass i at talet på drepne og hardt skadde i alderen 15-24 år har ei tydeleg fallande kurve (1990-2015), så er ungdom og trafikk eit alltid like viktig fokusområde. Som stor skuleeigar har fylkeskommunen ein særleg sjanse til å setje trafikksikring på dagsorden for denne aldersgruppa. Både lokalt og regionalt vert det gjort ein del trafikksikringsarbeid i regi av fylkeskommunen, Trygg Trafikk, Politiet og Statens vegvesen og andre aktørar der ungdom er målgruppa. Dette arbeidet må støttast oppunder og halde fram, samstundes som også andre type verkemiddel bør takast i bruk for å nå målgruppa. Eit eksempel, i regi av fylkeskommunen, er kampanjefilmsnutten som Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) lagar hausten 2016.

Rundt om i landet vert det arbeidd ulikt i forhold til trafikksikringstiltak retta mot ungdommar. Trygg Trafikk kjenner dette arbeidet gjennom sine distriktsleiarar, og fylkesrådmannen har no vore i dialog med Trygg Trafikk for å høyre kva for tiltak dei kjenner til i andre fylke som er retta inn mot den vidaregåande skulen. Trygg Trafikk viser til prosjektet *#Er du sikker?* som rettar seg direkte mot 1., 2. og 3. klasse i den vidaregåande skulen. Trygg Trafikk har gjennomført prosjektet i nokre utvalde fylkeskommunar i 2015 og 2016. Prosjektet er bygd opp som ein konkurranse, der ulike typar oppdrag knytt til ungdom og trafikktryggleik skal gjennomførast av elevane i ein periode på tre veker om hausten.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan *#Er du sikker?* vere eit tenleg konsept å introdusere på nokre av skulane i Hordaland i 2017. Ettersom tiltaket er utarbeida og vert styrt av Trygg Trafikk er det avgrensa kostnader knytt til prosjektet for den einskilde fylkeskommune. I hovudsak er det snakk om midlar til premiar og materiell som kan gå over «Kampanjeposten» til FTU.

For at Hordaland skal kunne delta i 2017 må skulane vere klar innan mars 2017, medan konkurranse vert gjennomført hausten 2017.

Prosjektet *#Er du sikker?*

#Er Du Sikker? er ein trafikksikringkampanje frå Trygg Trafikk som er støtta av Gjensidige Forsikring, og rettar seg mot vidaregåandelevlar. Kampanjen vil finne stad kvar haust. Dette inneber at kampanjen når elevlar som er i gang med å ta førarkortet, og i ein periode der mange av desse kjøper sin fyrste bil. Det er særst positivt at kampanjen også omfattar 2. klasse ettersom dette er siste året på skulen for dei som skal ut i lærlingpraksis.

#Er du sikker? er lagt opp som ein konkurranse der målet er å gje elevane ny kunnskap om trafikk gjennom si eiga deltaking. For å vinne må elevane samle poeng til sin skule ved å levere ulike oppdrag, - døme på dette er eit bilete frå trafikken, eller å svare på ei undersøking. Oppdraga tek litt tid og er enkle å gjennomføre. Dess fleire elevlar på skulen som deltek, og leverer oppdrag, dess fleire poeng får skulen. Skular over heile landet konkurrerer mot kvarandre om flest moglege poeng, og hovudpremien er ein konsert med ein kjend artist. I tillegg konkurrerer elevlar frå same fylke om å vinne eit individuelt køyreskulestipend og vekepremiar.

Det er kostnadsfritt for skulane å delta, og konkurransen tek litt eller ingen tid frå undervisninga. Trygg Trafikk har etablert ei eiga heimeside for konseptet: <http://erdusikker.tryggtrafikk.no/>

Fylkesrådmannen sine kommentarar

For å skape gode haldningar, og ikkje minst god åtfærd i trafikken, må det nyttast fleire ulike kanalar og formspråk. Fleire av dei vidaregåande skulane i fylket har eigne trafikksikringsdagar der elevane får sett blålysetatane i aksjon, og høyre frå dei som har kjend trafikkulukkene tett på kroppen. Å formidle budskapet gjennom slike arrangement er ein pådrivar til å få elevane til å verte meir merksam på trafikk og trafikkulucker. Samstundes er dette i mange tilfelle einvegskommunikasjon, der elevane er tilskodarar/-høyrarar. I tillegg er dette arrangement som berre går over nokre timar, og ikkje over ein lengre periode.

Prosjektet #Er du sikker? vil på ein heilt annan måte kunne engasjere elevane til sjølv å ta del i prosjektarbeidet, og i tillegg vert det eit engasjement over eit lengre tidsrom. Ut i frå årshjulet til eit skuleår høver vekene oktober/ november nokså bra som eit kampanjetidspunkt.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan #Er du sikker? vere eit lærerikt og tenleg konsept å introdusere på nokre av skulane i Hordaland hausten 2017. Skulane og samansetjinga av elevar er svært ulik, og kunnskapsbehovet om trafikktryggleik varierer. Medan det på nokre skular er mange elevar med eigne bilar og mykje køyring både kvardag og helg, er det på andre skular få bilistar, men heller eit større fokus på trafikk i bymiljø. Felles for alle skulane er russefeiringa, og med det stor grad av fokus på russebilar og – bussar. Å vere med å bidra til auka kunnskap og meir bevisstgjerung om trafikktryggleik hjå elevane sjølv, vil etter fylkesrådmannen sitt syn alltid vere ei god investering.

Arbeidet med prosjektet er for omfattande til at det kan setjast i gang på alle dei 44 vidaregåande skulane i fylket, men det ligg til rette for at nokre av skulane kan vere pilotskular i Hordaland neste år. Eit utgangspunkt her kan vere å invitere skulane med, og at ein legg opp til 2-3 skular i 2017 som ein start. Skulane som bør inngå i prosjektet bør ha ei stor eigeninteresse i å delta, og gjerne også i større grad enn andre hatt særlege utfordringar med trafikktryggleiken og russefeiringsavviklinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag er å startar med nokre skular, og i tillegg nytte noko av kampanjemidlane til å vidareutvikle konseptet til fleire skular i åra som kjem.

Om #ErDuSikker?



- Ungdom på VGS, 15-19 år
- Engasjerende, lavterskel, positiv, digital
- Ung-til-ung formidling, gjøre ikke bare høre, over tid
- Hovedtema: Distraksjon



Mål

- **Atferdsmål. Ungdom i alderen 15-19 år skal rapportere at de:**
 - Bruker mobil i bil mindre enn før
 - Unngå andre distraksjoner i bil i større grad enn før
 - Passasjerer skal i større grad enn før si i fra/oppfordre til sjåføren om å fokusere på bilkjøringen
 - *Sjåfører skal i større grad ha fokus på bilkjøringen*
- **Kunnskapsmål. Vi skal få flere ungdommer til å vite at:**
 - Bilbelte: Flere skal vite at bilbelte skal festes over hoftekammen og flere skal vite at tykke ytterjakker må tas av for at effekten av bilbeltet skal være optimal
 - Refleks: Flere skal vite at refleksen skal festes i knehøyde for å synes best

HVORFOR #ER DU SIKKER?



- Alle elever er trafikanter hver dag.
- Trafikkulykker er den største helserisikoen for ungdom.
- Elevene får kunnskap om trafikk.

NYTTEVERDI FOR SKOLEN

- #ErDuSikker? skaper engasjement og samhold på hele skolen.
- Det er gratis for skolen å være med.
- Konkurransen tar lite eller ingen tid fra undervisningen.
- Skolen vil få positiv omtale i lokalmedier og sosiale medier.



ER DU SIKKER?

Utvalgte videregående skoler over hele landet konkurrerer om flest mulig poeng innen trafikksikkerhet. (31.OKT-18.NOV)

Hovedpremien er en konsert med en kjent norsk artist.

I tillegg konkurrerer elever fra samme fylke om å vinne et individuelt stipend og ukespremier.



For å vinne må elevene samle poeng til sin skole ved å levere ulike oppdrag – for eksempel et bilde fra trafikken eller svare på en undersøkelse.

Jo flere elever som deltar i konkurransen, jo flere poeng får skolen. Skolen med høyest poengsum vinner konserten når konkurransen er over.

ER DU SIKKER?

**FÅ SONDRER
JUSTAD HIT!**

VIS AT DIN SKOLE ER BEST!
DELTA I KONKURRANSEN #ERDUSIKKER PÅ:
ERDUSIKKER.TRYGGTRAFIKK.NO
ELLER PÅ ERDUSIKKERKONKURRANSE

Gjensidige



Enkelt å delta!

- Alle oppdragene leveres digitalt
 - Tar kort tid å gjennomføre
 - Leveres på Instagram og på nettsiden www.erdusikker.tryggtrafikk.no



@juliereinan



@sofiesellag



@torfalmr



@10ril_priv



@mmkucharska



@vaarbarli



@erikaranheim



@emilcostas



@charli1204

Kontaktperson på skolen

Har ansvar for:

- Å få med elever til å hjelpe gjennomføre konkurransen.
- Organisere kick-off.
- Bistå i gjennomføringen av konkurransen.

TAKK FOR AT DU VIL VÆRE KONTAKTPERSON FOR #ERDUSIKKER? PÅ DIN SKOLE

DIN ROLLE ER VIKTIG FOR Å LYKKE MED PLANLEGGINGEN OG GJENNOMFØRINGEN AV KONKURRANSEN #ERDUSIKKER? HØSTEN 2016.

I dette heftet finner du all informasjon du trenger som kontaktperson.

Kontaktpersonens oppgaver:

- Få med elever.
- Organisere kick-off.
- Bistå i gjennomføringen av konkurransen.

DU FINNER OGSÅ:

- Organisering og frister.
- Oppskrift på hvordan du gjennomfører oppgavene.
- Kontaktinformasjon til Trygg Trafikk.

I tillegg får du tilsendt sjekklister som du kan bruke i planleggingen av konkurransen, og en brosjyre du kan gi til elever du vil bruke for å gjennomføre konkurransen.

Ungdom påvirker ungdom!

Hovedoppgave for elever:

Få venner og kjente med!

Jo flere som deltar, jo mer poeng får skolen. Skolen med høyest poengsum vinner konkurransen og konserten.

TIL ELEVER

ER DU GOD TIL Å FÅ
MED DEG ANDRE?

 ER DU SIKKER?

Kick-off!

For å sparke i gang konkurransen skal det holdes kick-off på skolen!

- Informasjon til alle elever om:
 - Konkurransen
 - Premier
- Alle leverer første oppdrag digitalt



PS 36/16 Ymse